


Skatteetaten

 Saksbehandlar
Anders Hansen

Dykkar dato

 Vår dato
15.02.2017

 Telefon
800 80 000

Dykkar referanse

 Vår referanse
2016/68471

 Kommunestyret i Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Kontrollrapport 2016 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Radøy kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og plikter å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

2. Om kemnerkontoret

2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen iht. kemneren sine årsrapportar:

Tal årsverk 2016	Tal årsverk 2015	Tal årsverk 2014
6,3	5,3	6,5

 Postadresse
Njøsavegen 2

 6863 Leikanger
skatteetaten.no/sendepost

 Besøksadresse
Se www.skatteetaten.no eller
ring gratis 800 80 000
Org. nr.: 991733108

 Sentralbord
800 80 000
Telefaks
51 91 73 01



2.2 Organisering

Nordhordland kemnerkontor er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Lindås, Meland, Modalen, Osterøy, og Radøy og vart etablert 1.1.2010.

Kemnerkontoret er organisert som eiga avdeling. Avdelingsleiar/kemnar sin overordna er rådmannen i Lindås. Avdelingsleiar har det faglege, personalmessige og driftsøkonomiske ansvaret for kontoret.

3. Måloppnåing

3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Radøy kommune viser per 31. desember 2016 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 465 954 520 og uteståande restansar² på kr 11 425 299, av dette krav stilla på vent kr 91 325. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin kemner 20. januar. 2017.

3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2016 for Radøy kommune.

Resultata viser følgjande for alle kommunane samla. Resultatkrav (i %) gjeld for Nordhordland kemnerkontor samla:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2014	97,1	96,0	95,0	95,3	96,3
Arbeidsgjevaravgift 2015	605,8	99,7	99,8	99,8	99,9
Forskotskatt personlege skattytarar 2015	131,4	99,1	99,0	99,4	99,4
Forskotttrekk 2015	1 111,4	99,7	99,9	99,9	100,0
Forskotskatt upersonlege skattytarar 2015	172,7	99,9	99,8	100,0	99,9
Restskatt upersonlege skattytarar 2014	133,6	99,5	99,0	98,7	99,2

For Radøy kommune er resultata:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2014	15,6	95,3		94,4	96,3
Arbeidsgjevaravgift 2015	77,8	99,4		99,9	99,9
Forskotskatt personlege skattytarar 2015	25,1	99,6		100,0	99,4
Forskotttrekk 2015	142,3	99,7		100,0	100,0
Forskotskatt upersonlege skattytarar 2015	14,0	100,0		99,7	99,9
Restskatt upersonlege skattytarar 2014	79,3	99,9		99,6	99,2

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav



3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Nordhordland kemnerkontor utfører arbeidsgjevarkontrollen sjølv, men kjøper og arbeidsgjevarkontrollar av Hordaland kommunale regnskapskontroll.

Resultat for kommunane per 31. desember 2015 viser i følge kemneren sin resultatrapportering:

Tal arbeidsgjevarar	Minstekrav tal kontrollar (5 %)	Tal utførte kontrollar i 2016	Utførte kontrollar 2016 (i %)	Utførte kontrollar 2015 (i %)	Utførte kontrollar 2014 (i %)	Utført kontroll 2016 region (i %)
1 211	61	61	5,0 %	3,0 %	4,6 %	4,6 %

4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2016 gjennomført stadleg kontroll av kemnerkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap og innkrevjing. Siste stadlege kontroll vart halden 14. apri 2016.

Skattekontoret har i 2016 i tillegg gjennomført kontorkontroll av kemnerkontoret for områda skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

5. Resultat av utført kontroll

- **Intern kontroll**

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at kemneren sin overordna interne kontroll i det alt vesentleg er i samsvar med gjeldande regelverk.

- **Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen**

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- **Skatte- og avgiftsinnkrevjing**

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

- **Arbeidsgjevarkontroll**

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og vert utført i tilstrekkeleg omfang.



6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2016 gjeve pålegg og tilrådingar som er meddelt kemneren i rapport av 23. mai 2016.

Kemnerkontoret har gjeve tilbakemelding på pålegg og tilrådingar som er gjevne.

Venleg helsing


Jan Kåre Strøm
fung. avdelingsdirektør
Skatt vest


Oddmund Midtbø
seniorrådgjevar

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Radøy kommune
- Nordhordland kemnerkontor
- Riksrevisjonen